



# BYKLEDAGEN

## 02-03.09.2023

### Laurdag 02.09.

**Lislestog og Bykle gamle kyrkje kl. 1100-1600** • Utstilling av tekstilar, kaffi og mat, historieforteljing og song, forteljarstund for born, folkedans og kvedarstund.

**Dam Sarvsfossen kl. 1230-1600** • Vasslepp over dammen! Gratis grillmat og drikke, salsbodar og aktivitetar: Sjonglering, natursti, open brannstasjon, luftgevær, blekkbokskasting og skattejakt.

### Sundag 03.09.

**Bykle kyrkjebygd kl. 1100-1300** • Kulturminnevandring.  
**Frå kl. 1300:** Ta gjerne sundagsmiddagen på Bykle Hotell!

For meir info sjå: [www.visitbykle.no](http://www.visitbykle.no) • Facebook: **Bykle Næringslag**

Arrangør: **Bykle Næringslag** i samarbeid med Stasjonen Bykle | Bykle kommune | Bykle idrettslag | Otra kraft Setesdal brannvesen | Bykle folkeakademi | Bykle Hotell | Bykle maskin | Bykle Vindu | Bykle husflidslag og Valle bygdekvinneag | Destinasjon Hovden





Følg Bykle kommune på  
**facebook**



BYKLE\_KOMMUNE



# Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

September 2023 34. ÅRGANG | OPPLAG 548



# VAL

**Kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023**

**Valdagen er 11. september**

**Førehandsrøysting**

Dato	Stad	Klokkeslett
Alle kvardagar 10.08 - 08.09	Bykle rådhus	09:00 - 14:00
Laurdag 26.08	Bykle rådhus	15:00 - 18:00
Torsdag 24.08	Bykle rådhus	09:00 - 18:30
Laurdag 02.09	Hovden grendehus	15:00 - 18:00
Torsdag 07.09	Bykle rådhus	09:00 - 18:30

*Førehandsrøystinga på Bykle alders- og sjukeheim vert onsdag 30.08 kl 9*

Om nokon har vanskar med å kome seg til røystestad av helseårsakar, så kan dei be om "ambulerande røysting". Det vil seie at valfunksjonærar kjem heim til dei og tek imot røystene. Det kan ein be om fram til og med måndag 04.09. Ring 37 93 85 00 på kvardagar mellom 09:00 - 14:00.


På valdagen 11.09 kan ein røyste på  
Hovden grendehus og Bykle rådhus frå kl 08:00 - 18:00

**Hugs legitimasjon!**



**11. September Bykle samfunnshus:**  
18:00 - "Hvem er du Mamma Mø?"  
20:00 - "Fedrelandet"

**23. September Hovden grendehus:**  
16:30 - "Hør her'a!"  
18:30 - "Mord i Venezia"



**Yoga med Line på Hovden grendehus**

Line Steine underviser i yoga på grendehuset i haust, undervisninga er ein del av utdanninga som yogainstruktør. Ho inviterer alle frå og med 16 år til å delta. Tilbodet er gratis.

**Tirsdag 18:00-19:00 klassisk yoga (nybegynnere)**  
**Torsdag 18:00-19:00 yoga og meditasjon (viderekomne)**

Oppstart til første time er tirsdag 5. september.

Spørsmål og påmelding til e-post: [Steine.line@gmail.com](mailto:Steine.line@gmail.com) eller på telefon 917 01 414

**Velkomen - Helsing Line**

**Hovden Pistolklubb Hausten 2023**

Me startar haustsesongen med at me legg om til skjoting på ONSDAGAR.

Me startar onsdag 6/9 med å møtast på banen på Hovden kl. 1900. Der vil Kliff Erik ha ansvar for puss og vedlikehald på pistolane våre.

**Alle skjotingar startar kl. 1900.**

<b>20/9</b>	<b>Bykle</b>	Pål Georg Ryningen
<b>4/10</b>	<b>Hovden</b>	Olav Skinnarland
<b>18/10</b>	<b>Bykle</b>	Åsmund Hoslemo
<b>1/11</b>	<b>Hovden</b>	Tom Are Strømsvik
<b>15/11</b>	<b>Bykle</b>	Bjørngulf Nesland
<b>29/11</b>	<b>Hovden</b>	John Are Hegstad
<b>13/12</b>	<b>Bykle</b>	Ånund Nomeland



## Språkkafe

Vi startar opp att med språkkafe i september. «Språkkafé er en møteplass mellom tilflyttere og lokalbefolkningen, som gir mulighet for å treffe nye mennesker, ha ulike aktiviteter, få praktisert norsk i trygge omgivelser og bli kjent med folk og stedet.»

**Hovden grendehus bibliotek: Tysdag 12/9 kl. 18-19.**  
**Bykle samfunnshus bibliotek: Tysdag 26/9 kl. 18-19**

Ta kontakt med [merete.egeland@bykle.kommune.no](mailto:merete.egeland@bykle.kommune.no) om du vil bidra som språkvert.



Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: [byklaren@bykle.kommune.no](mailto:byklaren@bykle.kommune.no) Frist er 15. kvar månad.

[www.bykle.kommune.no](http://www.bykle.kommune.no)

Politiske møter og saksdokument finn de på heimesida

### Dagsenter på heimen kvar onsdag

Du kan kjøpe lunsj, middag og kaffe for kr 145,- eller bare ein av delene. Middag 85 kr og lunsj 60 kr. Det er lunsj kl 11.30 og middag kl 14.30

Viss du vil ha skyss/mat ring kjøkken på telefonnummer 468 41 051 å sei frå om dette, Tysdagen før.

### Om du treng Frisør eller fotterapeut ring 910 04 945 for å få time

Fotterapauten kjem ei gong månaden, Ho gir beskjed for kvar månad om når ho kjem tilbake på grunn av anna jobb og frisør kjem fyrste onsdag i kvar månad. Alle bestillingar skal gå gjennom heimen.

### Ordinære opningstider kulturhus og bibliotek :

#### Hovden grendehus og bibliotek:

Måndag-torsdag 8-21

Fredag 8-16

Kontaktinfo:  
[kultur@bykle.kommune.no](mailto:kultur@bykle.kommune.no)  
/ tlf 902 16 856

#### Bykle samfunnshus og bibliotek:

Måndag 10-16.30  
Torsdag 10-16.30

Meiropent bibliotek alle dagar 7-23.

Kontaktinfo: [kultur@bykle.kommune.no](mailto:kultur@bykle.kommune.no) / tel. 476 85 262

Biblioteket kan kontaktast på [biblioteket@bykle.kommune.no](mailto:biblioteket@bykle.kommune.no) eller på Facebook: Bykle folkebibliotek

### Bostøtte

for deg som har låg inntekt og høge buutgifter.  
Sjekk [husbanken.no/bostotte](http://husbanken.no/bostotte)

Panorama frå 100 meter over Jarekollen



### Utdanningsstipend

#### 1. halvår skuleåret 2023/2024

Ungdom og vaksne som er folkeregistrert i Bykle, som tek fulltidsstudie på vidaregåande-, høgskule- eller yrkesretta utdanning kan søkje om utdanningsstipend. Lærlingar med 2 års lærekontrakt får stipend fyrste året av kontraktstida. Kopi av kontrakta med underskrifter må ligge ved søknaden.

Vedtektene og elektronisk søknadsskjema finn du på Bykle kommune si heimeside. Pass på å lagre når du fyller ut elektronisk skjema.

Frist 1. oktober

### Bykle og Valle helseteneste informerer

#### Bykle og Hovden legekantor

1. september starter vår nye LIS 1 lege ved Bykle og Hovden legekantor. Ho heiter Emilie Altenborg og skal jobbe hos oss frå 1. september til 1. mars. Vi ynskjer ho velkomen til bygda!

Maren Østvold går ut i 50% permisjon frå 4. september til 3. januar, Kristine Vedal Dåsvatn vil vere hennar vikar i denne perioden.

### Boksirkele

Boksirkelen møtast måndag 11/9 klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka " Etterklang" av Helga Flatland. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med.

Velkomen!

Mvh Merete, Bykle Frivilligsentral



### Tømekalender

Restavfall: 20.09

Matavfall: 06.09, 20.09

Papir, glass/metall, plast: 06.09

### Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.



Bykle kommune  
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle  
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00  
E: [postmottak@bykle.kommune.no](mailto:postmottak@bykle.kommune.no)



### DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

[www.valle.kyrkja.no](http://www.valle.kyrkja.no) / [www.bykle.kyrkja.no](http://www.bykle.kyrkja.no)

**06.09 kl.11.00** Førehandsrøysting kyrkjeval Bykle sokn 2023, Bykle alders- og sjukeheim

**07.09 kl.17.00** Samtalegudsteneste, Bykle kyrkje

**kl.18.00** Konfirmantfest i kyrkjekjellaren, Møtesal kjellar Bykle kyrkje

**09.09 kl.11.00** Konfirmasjonsgudsteneste, Fjellgardane kyrkje

**kl.14.00** Dåpsgudsteneste, Bykle gamle kyrkje

**10.09 kl.11.00** Konfirmasjonsgudsteneste, Bykle kyrkje

**11.09 kl.08.00 - 18.00** Kyrkjevaldag Bykle sokn 2023. Røystestad: Bykle rådhus og Hovden grendehus

**24.09 kl.11.00** Hausttakkefest med presentasjon av neste års konfirmantar, Fjellgardane kyrkje

### Velkommen til møte i kyrkjekjellaren

fredag 22. og laurdag 23.september kl.19.00, søndag 24.september kl.11.00. Talar er Arnfinn Røyland.

Arr. Misjonssambandet

**Onsdag 13. september kl 19.00** i Bykle kyrkje, kyrkjekjeddaren: Inge Flaar talar over temaet: Kven er Gud. Servering av kaffi.

**Torsdag 14. september kl 19.00** i Bykle kyrkje, kyrkjekjeddaren: Inge Flaar talar over temaet: Kven er eg. Servering av kaffi.

Arr: Bykle Normisjon



**7. oktober**  
på Hegni



**Kulturkafé**

**Torsdag 21. September klokka 18.00** får me besøk av Marianne Berg, som kjem med føredraget "Den fantastiske poteta – ei kulturhistorie".

I kaféen blir det servering av ulike rettar basert på kveldens tema. Denne kvelden er eit samarbeid mellom Folkeakademiet i Bykle og Valle, og kultur og fritid.

Vel møtt!

### Skafsåheii Fjellkyrkje -- «Vi over 60»

Onsdag 6. september kl. 1200

Mykje flott song og musikk som passar for oss over 60! Ymse underhaldning og allsong, sal av lapskaus, kaffi og kaker. Høve til å gje ei gåve til drift av Fjellkyrkja

Påmelding innan 1. september til Olav Haugo tlf. 41191974, Tahar Haddad tlf. 95106156 eller Gunstein Seltveit tlf.90170465

Arr: *Pensjonistlaga i Byrte/Mo og Dalen*  
samt *Fjellkyrkjelaget*

### Laurdag 30. september kjem St Ansgar katolske menighet på pilegrimstur til Bykle.

I den anledning vert det feira katolsk messe i Bykle gamle kyrkje kl. 12.30. Kyrkjekaffi i Flatelandstoga. Alle er velkomne. Kontaktperson: Kaja Tho; [kajatho@online.no](mailto:kajatho@online.no)

### Irriterer du deg over hundeskitt langs vegen?

Dei fleste som går tur med hund ønskjer å plukke opp etter seg, men det er ikkje alltid så kjekt å gå langt med ein skitpose i handa. Om du har søppeldunkar ståande attmed vegen kan du nå ta kontakt med Hovden og Bykle hundeklubb for å få eit klistremerke som du kan klistre på dunken. Då bidreg du til å halde vegane reine.



Kontakt Hovden og Bykle hundeklubb på Facebook eller kontakt Kaja Tho ([kajatho@online.no](mailto:kajatho@online.no)/92649942)

### Hovden og Bykle hundeklubb arrangerer kurs

i hverdagslydighet følgende tirsdager i oktober: 10., 17., 24. og 31. Tidspunkt: 17-18

Det blir teori og praksis, og passer for alle. Sted: Fjellgardshallen

Instruktør: Charlotte Kræmer Engesland  
Pris kr 200 for medlemmer, kr 500 for andre.

Påmelding til Charlotte 96042407/  
[charlotte.engesland@gmail.com](mailto:charlotte.engesland@gmail.com) innen 1. oktober.



**Redd Barna**

TV-AKSJONEN **NRK**

Ønsker du å engasjere deg kan du få gode tips på [blimed.no/engasjer-deg/](http://blimed.no/engasjer-deg/) eller ta kontakt med oss i aksjonskomiteen ved [merete.egeland@bykle.kommune.no](mailto:merete.egeland@bykle.kommune.no).